

Ulstein kommune v/Arild Støylen  
Sjøgata 63  
6065 Ulsteinvik

|                |     |
|----------------|-----|
| 06/00559       |     |
| 00740/06       |     |
| 03 JUL 2006    |     |
| Ans. br. de FF | 1/2 |
| Ans. br. de FF |     |
| Kursid         |     |



|             |              |                |                              |            |
|-------------|--------------|----------------|------------------------------|------------|
| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:       | Vår saksbehandlar:           | Vår dato:  |
|             |              | MR 12634/2006/ | Toril Moltubakk, 71 25 88 39 | 27.06.2006 |

## Riving av løe på Flø i Ulstein kommune.


Fylkeskonservatoren vurderer løa til å vere verneverdig, og vurderer den, ut frå bileta, til enno å vere mogleg å berge. I tillegg til den enkle sjølvgråna løa med skifertak heng det på eit mindre bygg som etter stabbane, og dei to dørene tett i lag, ser ut til å vere eit stabbur. Bygget ser i seg sjølv interessant ut.

Hovudgrunnen til å bevare løa er at Flø er ein svært spennande stad med eit flott kulturlandskap. Bygda ligg ope til med strandflat ut mot havet. Strandlina er i mindre grad enn mange stadar utfyllt og endra. Teigdelinga i smale teigar frå stranda opp mot fjellfoten dannar eit tydeleg mønster, og bygningsmassen med tun ligg langs etter vegen i nordre del av bygda medan dei ligg lengre opp frå stranda i søre delen.

Med tanke på turisme har Fløstranda med natur- og kulturlandskapet der stort potensiale for å bli ei riktig perle. det er da viktig å ta vare på dei kvalitetane som er der, og vere varsam og tilpasse nye tiltak til det spennande miljøet. Nordmenn verdsett dei kvite tette og kronglete greske byane på øyane der, "Aidensfield" sel stort i turismesamanheng i Storbritannia, og sjølv kalde Svalbard er ein stor attraksjon med sitt golde landskap, tøffe levekår og is og isbjørn. Fløstranda er ein slik stad dersom godt vertskap tek i mot, og bygda får varsam tilrettelegging med bevaring av staden sin eigenart. i ein slik samanheng er bruk, med løer viktig å bevare, og Fylkeskonservatoren rår difor i frå riving.

Med helsing

  
Arvid Blindheim  
kulturdirektør

  
Toril Moltubakk  
rådgivar kulturvern